



MØTEBOK

Møte: 5-2020
Møtedato: Onsdag 2.12.2020
Møtestad: Lykling kyrkje
Tid: 18.00

Desse møtte:

John Olav Habbestad, Kjersti Mæland, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad, Trygve Leigland, Elin Taranger og Heidi Vold.

Forfall: Odd Ingvar Nilssen, 1. eller 2. vara kunne heller ikkje møta.

John Olav Habbestad leia møtet.

2020-05-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent. Merknad om at sakene må verta sendt ut tidlegare. Kjem for seint.

2020-05-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 4 – 2020

Vedtak: Møtebok 4 – 2020 vart godkjent.

2020-05-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om oppseiing av samarbeidsavtale med NMS – Sangaste. Mail frå Aksel Lygre. Mail 18. september

2. Bankbytte. Fellesrådet går over frå å nytta Sparebanken Vest til Sparebanken 1 SR Bank. Det er SR bank kommunen har og dette vil gjere det lettare for kommunen med administreringa for fellesrådet.

3. Støtte frå kommunen til produksjon av julekalender. 40 000,-

4. Endra avtale i forhold til årskontrollar sløkkeutstyr. Sunnhordland Brannsikring. Går bort frå tidlegare leverandør – Alf Lea, Hgsd.

5. Godkjente lokale gravplassvedtekter får Bispedømerådet

6. Vedtak om pris på festeavgifter i formannskap og kommunestyre. Orientert om prisendring på dei eldste gravene.

7. Info om personale. Sjukemeldingar m.m.

8. Oppdatering på korona-handteringa. Gudstenester som vert strøyma.

9. Orientering om framgong med Bømlo kyrkje. Gode tilbakemeldingar på svalgangen. Må gjere endringar i forhold til preikestolen.

10. Orientering om maling av Moster kyrkje på drift og ikkje investering. Innverknad på økonomistyringa.

2020-05-04 PRISSETTING OG TILRETTELEGGING FOR BRUK AV MINNELUNDAR

Det vart informert litt om at det bør leggjast til rette for fleire minnelundar, og det vart i saksutgreiinga gjeve døme på at utforminga av minnelundar kan vera svært så ulike, kunstnariske og vakre. Her bør ein satse på minnelundar som er innbydande og som folk ynskjer å nytta.

Vedtak:

1. Fellesrådet lar gjeldande pris for minnelundar stå som i dag.
2. Fellesrådet vedtek at framtidige minnelundar må utarbeidast etter same modellen som på nye minnelunden på Lykling med eiga namneplate, og mogelegheit for å setje ned avskorne blomar.
3. Fellesråd vedtek at kyrkjevevja må intensivere arbeidet med å få på plass namna minnelundar med eiga namneplate i følgjande rekkefølge.
 - Bremnes
 - Moster
 - Vorland vert opparbeida i arbeidet med utviding.
 - Fagervoll vert opparbeida i arbeidet med utviding.
4. Fellesrådet vedtek at kyrkjevevja skal ta dette punktet med i revideringa av investeringsbudsjettet for 2021.

2020-05-05 KVARTALRAPPORT 3. KVARTAL

Det vart gjere ein kort gjennomgang av økonomirapporten for 3. kvartal med spesifikk forklaring på nokre sentrale postar.

Vedtak: Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2020 til vitande.

2020-05-06 ENDRA AVTALEVILKÅR VED BRUK AV ESPEVÆR BEDEHUS

Det vart drøfta litt i kva grad fellesrådet skal komma med forslag om å endra prisen for bruk av Espevær bedehuskapell. Det vart også snakka om forordna gudstenester som kyrkja legg opp til skal gjennomførast der, gravferder m.m.

Vedtak:

1. Saka vert utsett.
2. Kyrkjevevja betalar ut årets «husleige takst» til Espevær bedehuskapell.

2020-05-07 SKISSER AV UTVIDING AV VORLAND KYRKJEGARD

Det var gjeve ei kort presentasjon av dei ulike problemstillingane som var blitt drøfta gjennom prosessen med utviding av Vorland gravplass.

Vedtak:

1. Fellesrådet vedtek å gå vidare med skissealternativ 1 der ein har skråning ned mot bilvegen, men med hekk på toppen av skråninga i staden for mur.
2. I kombinasjon med førre vedtak ynskjer fellesrådet å gå vidare med utkast 3 der ein får senka heile det nye feltet ved å ha ein beplanta skråning mellom eksisterande og nytt felt, og at ein dermed har eit lite strekk på gangvegen på gravplassen som har noko brattare helling enn resten.

3. Fellesrådet vedtek at det skal lagast gangveg inn på midten av feltet for at det lettare skal vert tilkomst til alle graver med maskin.

2020-05-08 SKISSER AV UTVIDING AV FAGERVOLL GRAVPLASS

Det vart gjeve ein kort presentasjon av mogeleg utvidingsalternativ på Fagervoll. Ein var også minne på tanken om kjøp av areal i vest, for så å bye med eigar i aust.

Vedtak:

1. Fellesrådet vedtek at kyrkjevevja går vidare til kommunen med ynskje om kjøp av regulert areal i aust.
2. Fellesrådet vedtek å fremje nummerering 2 som fyrste byggesteg for utviding av gravplassen.

2020-05-09 BUDSJETT 2021

Det vart gjeve ein kort presentasjon av utfordringar med budsjettet for 2021 med eit kutt på 3,5%, og mogelege alternativ for løysing av dette.

Vedtak:

Bømlo kyrkjeleg fellesråd tek følgjande budsjettinformasjon til vitande.

Bremnes, den 9. desember 2020

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje